



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-9
Journalpostid: 20/8339

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode: K1-033
Dato: 10.11.2020

Møtebok 09.11.2020, kl. 10.00 – 11.30

Frammøte: Marete Sæbø, Frode Eriksen, Johanna Håbrekke, Ole-Johnny Odland, Sigrid Bu

Ikkje møtt: Magnar Røise, Harald Næss

Sak 17

Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

Sak 18

Uteområdet ved bygdaheimen

Rådet har konkrete forslag til installasjonar på uteområdet ved bygdaheimen. Desse vil me ta vidare til SU bygdaheimen. Kostnaden er usikker, men seier me kr. 100 000 så er det ein god start. Dersom bygdaheimen ynskjer dette, vil me søka tilskot frå sparebankstiftinga, Eidfjord kommune og andre. Det er viktig å søkja om ein konkret sum i samband med budsjetthandsaminga.

Marete Sæbø har vore i kontakt med forhandlar av apparata som vil gje ein god pris dersom han kan nytta framtidige bilete frå Eidfjord bygdaheim i marknadsføring.

Marete Sæbø vil kontakta fysioterapiavdelinga for, om mogleg, få fleire argument for tiltaket. Førebyggjande helsetiltak og aktivitetstilbod for bebuarane på bygdaheimen trur me er gode argument for å få kjøpt og montert ulike apparat til uteområdet ved Eidfjord bygdaheim.

Sak 19

Vedlikehald av kommunale vegar og trafikksikringstiltak

Me vil laga ein oversikt over konkrete vegpunkt me ynskjer å få utbetra på ulikt vis. Her og no kan me nemna vegkryssing ved skytebana i Ø.Eidfjord. Mange turgåarar kryssar vegen mellom skyebana og Varbergshaugen. Området er veldig uoversiktleg og fartsgrensa er 80 km/t. Her bør det koma tiltak for å betra tryggleiken for fotgjengarar.



Sak 20**Gamle kommunehuset**

Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer at det vert bygd fleire husvære til utleige, og i den samanheng tenkt at gamle kommunehuset kunne verta opprusta og ombygd til leilegheiter. No skal kommunen setja ned politisk nemnd for å sjå på framtida til kommunale hus med tanke på sal i heile kommunen. Rådet ynskjer plass i denne komitéen og vil ta kontakt med kommunestyrerepresentantar for å prøva å sikra seg representasjon i denne nemnda.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok